

Om BKH

Ført i pennen av Yngvild Fagerheim til BKHs 30-årsjubileum i 2009:

Det var ikkje kven som helst som stod i spissen då norske biletkunstnarar i 1880-åra starta sin kamp for sjølvstende i faglege spørsmål. Christian Krohg, Fritz Thaulow og Erik Werenskiold førde an i det som skulle ende opp som Bildende Kunstneres styre (BKS) i 1888, og som i hovudsak var den organisasjonsforma som rådde grunnen fram til 1970-talet. Inngangsbilletten til medlemskap for kunstnarane var tre gonger deltaking på utstillinga, eit krav som vart skjerpa til fem i 1931 eller innkjøp til Nasjonalgalleriet. Kom ein igjennom dette nålauget fekk ein stemmerett i BKS og var å rekne som godkjend norsk kunstnar.

At Bildende Kunstnere Hedmark (BKH) i dag kan feire 30-årsjubileum har sin bakgrunn i at BKS-systemet hadde overlevd seg sjølv, og vel så det, då 60-talet var passert. Unge Kunstneres Samfund (UKS), som var stifta i 1921 som eit diskusjonsforum for billedkunst, og som utvikla seg til ein visnings- og formidlingsstad, vart den organisasjonen som skulle nedkjempe hegemoniet til BKS. Grovt kan det seiast, at i BKS sat dei «gamle» med stemmerett, og i UKS sat dei «unge» utan, men med eit brennande engasjement for å få slutt på generasjonars umyndiggjering og faglig nedvurdering. BKS var berre eit styre, eit hovud utan kropp, og då 70-talet starta var uroa blant biletkunstnarane så stor, at BKS skjønna at noko måtte gjerast for å roe gemytta. Etter sterkt press frå UKS vart eit reorganiseringsutval nedsett i 1970, den såkalla 9. juni-komiteen. Det er interessant frå ein hedmarkssynstad, at leiaren for BKS i 1970 var målaren Knut Frøysaa frå Hamar, og at initiativtakaren til 9. juni-komiteen var målaren Olav Starheim frå Espaa, den gong styremedlem i UKS. Han var opphavet til det styret i UKS som for fyrste gong stilte til val på eit klart fagpolitisk program, saman med Rune Brynstad og Stanley Stornes. Året var 1970.

I 1971 feira UKS sitt 50-årsjubileum med utstillinga *Kunstnerkår*, og kalla inn til seminaret «Kunstnerne sin situasjon i dagens samfunn». Disse to krafttaka skulle skape eit vegskilje i biletkunstnarane sin fagpolitiske kamp. Utstillinga *Kunstnerkår* bygga på talfesta fakta om biletkunstnarane sin økonomiske situasjon, og vart i store trekk også den felles plattformen som alle kunstnargrupper i landet samla seg om i Kunstneraksjon-74, det såkalla 3-punktsprogrammet. BKS hadde vore ein interesseorganisasjon med fokus på formidling av medlemmene sine arbeid, og hadde utvikla seg til ein maktbastion. Kunstnarane som slutta opp om UKS sitt program ville ha ei meir differensiert plattform for medlemskap, og ville framfor alt ha ein reell fagorganisasjon. Dei blottstilte biletkunstnarane sine elendige levkår og krevde at Staten skulle ta ansvar for kunsten og kunstnarane i landet. 9. juni-komiteen av 1970 vart eit fyrste steg på vegen til ein demokratisk fagorganisasjon, sjølv om dette tok fleire år å utvikle. Vegen til demokratiet gjekk gjennom eit nettverk av distriktsorganisasjonar over heile landet.

Mange regionar hadde alt på 30-talet oppretta lokale foreningar, men for Hedmark var dette ikkje tilfellet. I juni 1975 vart første initiativ teke for å samlokalisere kunstnarane i Hedmark og Oppland. Initiativet kom frå Turid Holter, Kåre Nordvik og Olav Starheim. Men det skulle gå endå eit år før kunstnarane møttest på Lillehammer og greide å konstituere seg. Datoen var 1. mars 1976.

Slik gjekk det til at hedmarkskunstnarane i fyrste omgong danna distriktsorganisasjon saman med Oppland Bildende Kunstnere. Sameksistensen varde knapt 3 år, men dei rakk å skipe til ei stor vandretstilling som gjekk i Oslo kunstforening i 1977, ei mønstring som har mange trådar til dagens Østlandsutstilling. Geografisk var det eit stort og mangslunge område å samle under ein hatt. I tillegg kom at nissen frå det gamle BKS i mangt kom med på lasset. Oppland hadde tradisjonelt mange med stemmerett i BKS og dei tørna snart saman med yngre radikale krefter i Hedmark. I 1979 vart

foreninga kløyvd i to og Bildende Kunstnere Hedmark (BKH) var eit faktum. I det fyrste styret sat Finn Aage Andersen, Ragnhild Arneberg, Ole Kristen Solberg, Knut Trondsen og Olav Bjørgum.

At geografien gjorde det vanskeleg å samle biletkunstnarane i 1976 tok diverre ikkje slutt med splittinga. Hedmark fylke åleine er vidstrakt og kunstnarane bor spreidd. Å samle dei alle er ei viktig oppgave, elles går ein lett glipp av den jamne personlege kontakten som er så viktig for idéutvikling og inspirasjon i organisasjonsarbeidet.

1981 vart ein milepel for BKH, med opning av Kunstnersenteret i Kirkebakken på Hamar, saman med kunsthandverkarane som no også hadde fått sin distriktsorganisasjon. Dermed var BKH ein del av eit landsomfattande nettverk av kunstarsentre som framleis eksisterar, og som har vore krumtappen i så mangt eit vesentleg arbeidsområde for kunstnarane. Ikkje minst har kunstnersenteret vore uvurderleg i kontakten med eit heimleg publikum. I 1989 var kapasiteten i lokalene i Kirkebakken for lengst sprengt og senteret starta sitt nye liv på Domkirkeodden i vakre historiske omgjevnader. Kvalene var difor store for mange då tanken om å slå pjaltane isaman med Hedmark fylkeskommune kom på bana, og gå inn for å rehabilitere den gamle Norges Bank til nytt felles kunstsenter. Vi våga heldigvis spranget. Etter to byggetrinn og mange pausar, då vi heldt pusten i påvente av nye økonomiske akkederingar i fylkestinget, kom vi i mål våren 2003 i et flunkanda nygamalt bygg.

No i jubileumsåret kan vi glede oss over at vi har eit senter det står kunstnarleg respekt av på landsbasis. Her kan vi som enkeltkunstnarar utfordre oss sjølve og våre kvaliteter, samtidig med at vi har vore modige nok til å gje på båten ein del av den sjølvråderetten som var så viktig for oss i starten. Vi gav tilsynelatande frå oss makt, men dei fleste vil vel erkjenne at den makta vi hadde etter kvart var meir tufta på maktesløyse. Då kunstnarane starta å organisere seg var det ikkje med ynskje om å gå over i byråkratiet. Vi ville primært ha rett til å bestemme over eigne arbeids- og livsvilkår, og få vederlag for den bruk som samfunnet alltid har gjort av arbeida våre. Å vere vitne til at velkvalifiserte medarbeidarar utfører arbeid som i årsvis har halde oss kunstnarar borte frå atelier og verkstad, er ei stor glede. Vi må berre ikkje sovne i trua på at goder er oppnådde ein gong for alle. Demokrati er ei krevjande organisasjonsform, som må ha nytt blod og nye idear skal det kunne kallast ved eit slikt namn. Søv vi som enkeltkunstnarar og organisasjon kan teppet vere borte under oss før vi veit ordet av det. Mange er dei kunstnarane som har sørga for at organisasjonen har overlevd i desse 30 åra. Nokre har vore Tordenskjolds soldatar i år etter år. Her skal berre nemnast Finn Aage Andersen, Kåre Nordvik, Wenche Kvalstad Echhoff, Dag Skedsmo, Olav Starheim og Tina Mareen Buddeberg.

Å sette beina under oss i eit fylke som Hedmark har frå fyrste stund vore positivt, takk vere velvilje og interesse frå leiande krefter i fylkeskommunen. Vi kan godt ta mykje av æra sjølv for medvitne strategiar og dyktige tilsette og tillitsvalde, men når vi no i 30 år har hatt gode relasjonar og vesentleg forståing for at kunstnarane er viktige medspelarar i eit levande framtidretta Hedmark, er det grunn til å takke!

Eit 30-årsjubileum er strengt tatt berre for eit ungdomsgilde å rekne. Vi starta i 1979 med mange fagpolitiske mål, som på ingen måte er innfridde. Alt for mange vert framleis halde borte frå sitt skapande arbeid av økonomiske grunnar. Difor kan vi ikkje anna enn nok ein gong sameine kreftene våre, men samstundes glede oss over det vi til no har oppnådd. Ermane på festskjorta må brettast opp, for gamle og nye uløyste oppgåver ventar.